

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.09.2021

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Fylkestinget legg til grunn at årsmeldinga for 2021 og seinare bør kunne ferdigstillast og leggjast fram for fylkestinget innan utgangen av april månad.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget ser det som svært positivt at årsmeldinga for 2020 syner at tal personbilreiser gjekk ned, CO²-utsleppa frå transport vart kraftig redusert, og at tal gåturar auka.
2. Fylkestinget er samstundes uroa over den store nedgangen i tal kollektivreiser i 2020, og ynskjer at ein gjennom Miljøløftet har særleg fokus på å sikre framtidig vekst for kollektivsektoren.
3. Fylkestinget sluttar seg elles til årsmeldinga slik den ligg føre.
4. Fylkestinget legg til grunn at årsmeldinga for 2021 og seinare bør kunne ferdigstillast og leggjast fram for fylkestinget innan utgangen av april månad.